

Utvida jakttid ikkje viktigast**21.10.2009**

Hjorterådet har no gjeve uttale om framleggget til utvida jakttid fram til jul og har ikkje noko prinsipielt mot ei slik utviding. Likevel ser rådet ikkje ei utviding som den viktigaste løysinga på dei problem ei vaksande hjortestamme fører med seg. Her viser rådet til både fellingsprosenten tidlegare år og omsynet til andre som brukar utmarka.

Men i enkelte deler av Kvinnherad - frå Enes og nordover - fortel det ein så langt veit om trekkmønsteret til hjorten at jakta bør vara lenger utover hausten.

Hjorterådet tilrår difor at jakttida vert utvida til 10. desember i dette området.

Men ordninga må evaluerast etter kvart og alt etter første sesongen, held rådet fram.

Av Ola Matti Mathisen